

MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND
1980

Namnet på vatnet

Øylandsvatnet

Kommune

Time

Markarbeidet, arbeid med materialet og skriving av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap v/ Einar Berg etter retningsliner frå, og i nært samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge - Øyvind Vasshaug.

M E L S V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 14. august 1980.

Vatnet ligg i Time kommune, og grensar i sør for ein del etter riksveg 477 mellom Bryne og Ålgård, med Melsknuten i nord.

Arealet er omlag 33 ha og h.o.h. 109 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men jamt over må vatnet karakteriserast som grunt.

Stranda består for det meste av stein, men ein del fin sandstrand (badestrand) er det i den sør-austre delen.

Gjørmebotn dominerar på djupet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Vegetasjonen i strandsona er frodig og ein vil m.a. finna vannliljer, flotgras, brasmegras, botngras, siv- og algevegetasjon.

Nedslagsfeltet femner for ein del om kulturbeiter og også noko kulturskog.

Hovudtilsiget fell inn i nord-vest og kjem frå Røynåsen og Soppa-tjørna.

Avlaupet renn ut i aust og går til Sjelsetvatnet.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er ca. 8 m og fargen på vatnet blålig-grønn.

Surheita pH er målt til 6.5 som er mykje godt for ferskvassfisk.

Innhaldet av kalk (Ca/l) er målt til 4.0 mg/l og den totale hardheita (CaO/l) til 6.25mg/l. Vatnet har såleis ei bra bufferemne og pH utsett for små svingningar gjennom året.

Elektrisk leiingsemne uS/cm = 44.0.

Gjennomstrøyminga er liten.

Planktonprøver.

Det vart teke eit horisontaltrekk på ca. 50 m, med planktonhov, og resultatet var ein noko fattig prøve.

Nageprøver.


For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foreteken, tok vi mageprøver av 3 aurar.

Her vart det funne buksvømmere, vannkalvlarver, stankelbein, sneglar og div. luftinsekter.

Fisk m.v.

Fylgjande fiskeslag vil ein finna i vatnet: Ferskvassaure, røyr, stingsild og ål.

Det vart sett ut 5 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 56 aurar. Fordeler vi fangsten på garnomfara, og vidare på cm-klassar, vil dette grafisk framsynt sjå slik ut.



Det vart teke prøver av 26 aurar og av desse var 21 røde- dei andre lys-røde i fiskekjøttet.

Vidare var det 14 hanfiskar og 12 hofiskar.

13 av fiskane (50 %) var angripne av parasittar (måkemark).

11 fiskar var gytefisk = 15 gjeldfisk.

Medelvekta av prøvefiskane var 291.5 gram. Den største fisken vi fekk var 790 gram og 42 cm.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor:

	Alder ved vinter						
	1år	2år	3år	4år	5år	6år	7år
Medellengd i cm	4.4	8.6	13.8	20.3	25.5	29.4	32.7
Årleg lengdetilvekst i cm	4.4	4.2	5.2	6.5	5.2	3.9	3.3
Antall fiskar	26	26	26	26	25	19	8

Medel kondisjonsfaktor = 0.97 tilseier noko mager, langstrakt fisk. Vi har på neste side sett opp ein vekstkurve for auren i Melsvatnet og samanlikna denne med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år). Som vi her vil sjå, ligg veksten noko under normalen dei 3-4 fyrste leveåra, men dette rettar seg noko opp seinare.

Konklusjon.


Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som næringsrikt og med eit fiskebestand som er noko i overkant av vatnet si bæreemne. Tilhøva ligg vel tilrette for fiskeproduksjon.

Ser vi på dei kjemiske tilhøva så er desse gode for ferskvassfisk. Planktonprøver og mageprøver syner det er relativt bra med næringsdyr i vatnet, og garnomfara saman med cm-klassifiseringa syner fisk av ymse årgangar og storleikar.

Når tilhøva er så pass gode i Melsvatnet kjem det av nedslagsfeltet som for ein stor del femner om kultivert mark. Tilsiga herfrå vil alltid føre verdfulle næringsstoff med seg og som vil koma vatnet til gode. Dette vil gi seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatnet og gi gode vilkår for alger og anna plankton. Fiskeprøven synte at aurebestandet i Melsvatnet er ganske stort, noko som skuldast gode gytetilhøve både i tilsigs- og avlaupsbekk. Hertil kjem at det har vorte fiska for lite i mange år. Det er for det meste stangfiske som har vorte foreteke, og fylgjeleg er det lite fisk som er fanga i høve til det vatnet kan produsere.

Praktiske tiltak.

Melsvatnet ligg sentralt til ved R.477, og med raste- og bade plass til vatnet, så vi vil tilrå at ein går i gang med sal av fiskekort til interesserte. På denne måten kan ein få nokre innkomer, og vidare vil det vera greiare for fiskeinteresserte, som då trygt kan drive sportsfiske rundt vatnet.



Dei som har fiskeretten må ha eieretten til garnfisket.
 Vidare synte fiskepreven at ein stor del av fisken var angripen av parasittar, noko som ofte vil vera tilfelle i overbefolka vatn. Ved å drive eit noko hardare fiske enn det som har vore tilfelle i seinare år, vil ein såleis kunna redusera parasittangrepa. Vidare må ein alltid grave ned fiskeslo og anna fiskeavfall, slik at ikkje måken får tak i dette.

Reknar ein med ei avkastning i Melsvatnet på ca. 8.0 kg pr. ha, skulle ein årleg kunna ta ut ca. 250-300 kg fisk.

Dette er sikkert langt i overkant av det som har vorte fiska i seinare år, men for å utnytta næringsforrådet må utfiskinga intensiverast.

Etter det vi har fått opplyst skal det og vera røyr i Mølsvatnet. Det lukkast ikkje oss under prøvefisket å få dette fiskeslaget, men røyra har som kjent stor formeringssemne, så ein må lokalisera gyteplassane og drive utfisking her.

Ålen er ein godt betalt matfisk og også denne må ein nytta ut. Ved å setja ei ålefelle på ein høvande stad på utfallsbekken vil ein kunna fanga utgangsålen. Det er som kjent om hausten, helst under store flaumar og mørk måne, at utgangsålen forlet vatnet. Det var til slutt å vone, at dei tiltaka som her er peika på vil bli sett ut i livet, slik at fiskeresursane kan bli utnytta på beste måte for alle.

Stavanger 30. mars 1981

Einar Berg